

## Angåande revisjon av konsesjonsvilkår Røldal-Suldalsvassdragene

Fråsegn sak 201913014: Revisjon av vilkår for reguleringa av Røldal og Suldalsvassdraget

Innspelet mitt vil innehalde ei utgreiing av skader og ulemper som må avbøtast. Kva som ikkje fungerer ved reguleringa og kvifor det ikkje fungerer. Kravet vil også innehalde forslag til tiltak og endringar i reguleringskonsesjonen.

Eg vil peike på skader og ulemper for almenne interesser, som konsesjonen frå 1962 har påført Røldalsområdet. I tillegg vil eg påpeike manglar og feil ved Hydro Lyse si konsekvensanalyse i forbindelse med miljørevisjon.

### Innleiing

Frå Stortingsdebatten i februar 2021 om eigarskap og konsesjon av RSK, er **Tina Bru**, dåverande olje og energiminister tydeleg angåande miljørevisjon:

“I prinsippet kan alle vilkår endres” seier ho. Vidare er ho krystallklar på at poenget med denne miljørevisjonen kommer ”**fordi det var bygd i ei tid da det ikke var satt miljøkrav i det hele tatt.**” Ho lovar ei grundig fagleg vurdering.

Andre stortingsrepresentantar legg til: “helt spesiell sak” “kan ikke sammenlignes med andre saker” “enorme miljøødeleggelser” “mange år med brutte løfter” “føringer som kommer lokalbefolkingen til gode” “de som bærer kostnadene må bli hørt” “en påminner om hvor omfattende konsekvensene av vannkraft kan være” “Stort tap” “Rettferdighet for lokalsamfunnet” “Rette opp uretten”

Eg ber NVE om å lytte til heile debatten for å forstå kor spesiell denne saka er og ha den som bakteppe når dei les alle innspel.

Frå møte på Røldal grøndehus 11.06.24 innleia representanten frå NVE med å fortelje at **NVE si oppgåve er å oppjustere reguleringa til moderne standard.** Det ser eg fram til!

5-percentil i minstevassføring er eitt av fleire sjølv sagt krav i notida. Eg krev at NVE ser til at dei strenge miljøkrava, som gjeld ved ny vasskraftutbygging, blir lagt til grunn ved denne revisjonen, hensyntar lokalbefolkinga sine 60 år med levde erfaringar, samt innhenter breiare fagleg vurdering enn rapportane Hydro-Lyse har skaffa til vege.

### Novlefoss

H-Lyse la på bygdamøtemøtet 11.06.24 fram 2 ulike scenario for fossen:

A) Minstevassføring gjev for lite vatn i fossen til at ein får fossen tilbake.

B) Vassføring i sommarmånadane vert for dyrt til at det kan forsvarast.

Det dei ikkje sa er at det kan lagast uendeleg med variantar av ulik vassføring bestemte timar i døgnet/ bestemte dagar / veker/ månader i året. Fossen er ei naturperle som ligg kloss ved E39. og vert det fyrste ein ser når ein kjem ut av ny Røldalstunnell (arbeidet er starta opp)

Norconsult sitt forslag om vassføring kun dagtid og eller i ein kortare sommarperiode er eg positiv til, slik at alle kan få oppleve dette unike landskapselementet.

### Frostrøykproblematikk

|Turistbygda Røldal har ikkje råd til å la lysløypa for langrenn og andre stader i bygda forsvinne inn i iskald tåke dei få fine dagane vi har sol og klarver om vinteren. Eg krev tiltak som hindrar frostsksodde. Ny tunnell for utslepp i Røldalsvatnet må forlengast til djupare nivå, lengre frå land for å eliminere denne problematikken.

### Båtopptrekk og trygg tilgang til vatna

Regulanten må bygge og vedlikehalde båtopptrekk, tilrettelegge areal for trygg tilkomst til alle regulerte vatn, bygge og vedlikehalde naust der det er behov for tilkomst med båt. I dag er tilgang med båt uutholdeleg problematisk pga uforutsigbar regulering. Vatna har potensiale for stor aktivitet for fastbuande, tilreisande og turistnæringa. No ligg dei nærmast aude.

### Magasinrestriksjonar og strandsoneproblematikk.

Neddemminga av Valdalen med 80 meter, Votnamagasinet med 45 m og senking av Røldalsvatnet med 17 m gjev farlege og ustabile steinmassar. H-LYse har sjølv satt opp skilt som advarar, så nærmare forklaringar føles unødvendig.  
Befolkningskonsentrasjon: Det er heilt hinsides at vi har dette midt i ei bygd og i tillegg 2 til vatn så nært innpå oss med alle ulempene dette medfører..

### Ang. verdivurdering Valdalen: 2.4.3 Verdivurdering.Friluftsliv

*"Magasinet ligger sentralt i viktige områder for friluftsliv og landskapsopplevelse"*

Dette er eksempel på føresetnader som må vera til stades for at det kan gjerast magasinrestriksjoner:

- Magasinet ligger sentralt i viktige områder for friluftsliv og landskapsopplevelse
- Hyppige endringar i vannstand og vannføring
- Andre forhold som veier, ferdsel, merking, kulturminner etc

Alle kriteria er oppfylte i Valdalen.

For friluftsliv har delområdene Valdalen og Kvanndalen fått høgast verdi. Valdalen på grunn av sin funksjon som innfallsport til Hardangervidda, og forholdsvis høg bruksfrekvens med stor andel regionale og nasjonale brukarar. **Allikevel foreslår ikkje rapporten noko form for endring i Valdalsmagasinet.** Derimot Røldalsvatnet som ikkje er så høgt klassifisert, føreslår rapporten: „..raskere oppfylling sommer“. Det virkar ikkje til å vera nokon samanheng mellom fagkunnskap og tiltak.

### **Tilfellet er så spesielt at eg krev at staten jobbar for å minske forskjellen mellom LRV og HRV i alle vatna.**

Forslag: Ei tilbakeføring av landskap ved ombygging av anlegget, slik at mykje av lagringskapasiteten blir flytta frå Valdalen, til eksisterande eller nye magasin.

Ved feks å overføre vatn frå Valldalen til Lauvastøl og pumping til Blåsjø <https://vimeo.com/7928.80572> kan ein minke reguleringshøgda. Eg oppfordrar NVE til å ikkje einsidig la dei økonomiske fordelane for H-Lyse bestemme sluttproduktet

EU-landene har vedtatt lov om restaurering av natur. **Innan 2030 skal 20% av all øydelagd natur restaurerast.** Loven har i mange år vore ein av EU sine flaggsaker.

- I tillegg har "FNs naturavtale blitt vedtatt i Montreal i Canada 19. desember 2022.

**Norge**, med dåverande klima og miljøminister Espen Barth Eide var pådrivar for avtalen. Målet er å [stoppe og reversere tapet av natur](#). Staten ved NVE og andre samarbeidspartar har i RSK-anlegga ein gylden sjanse til å fylgje opp desse vedtaka.



Straum til Valldalen er ein opplagt fellesressurs i 2024, frå ein regulant som produserer straum

### Problem med tilkomst til Valdalen Sommarvegen:

Staten må pålegge regulanten å ta fullt ansvar for bilvegen langs Valdalsvatnet.

Kommunen overtok dette ansvaret i 1968 **under føresetnad av heimfall** og blei av den grunn kun tilkjent eingongsbetaling på kr 100 000,- Då det ikkje er blitt heimfall, krev eg at ansvaret må tilbakeførast.

H-Lyse påstår at dei ikkje treng vegen. Men dei har installasjonar både i Valdalen og Middalen som dei ser etter, og dei bruker vegen som andre. At dei kan bruke helikopter, noko vanlege folk ikkje kan ta seg råd til, er eit arrogant argument som Hydro drog fram på det fyrste folkemøtet på Nesflaten.

Valdalsvegen er den mest brukte innfallsporten til Hardangervidda vest. DNT planlegg for tida å legge ned fleire merka ruter i vårt område. Dette vil kanalisare enda større trafikk gjennom Valdalen til **Hardangervidda nasjonalpark**. NVE må setje seg inn i denne problematikken for å ivareta hensynet til allmenne interesser både på sommar og vintertid. [DNT: Reiten kommentar til Hardanger folkeblad](#)

Hydro si konsekvensanalyse ang Valdalen 2.4.3 Verdivurdering Friluftsliv seier: “..indre deler av delområdet har høy bruksfrekvens, store opplevelseskvaliteter og stor del regionale brukere, samt noen internasjonale... **A Stor verdi**” (mi utheting med feit type)

..For den delen av tiltaksområdet som ligger i Vestland (tidligere Hordaland) er det gjennomført ein kartlegging og verdisetting av regionalt - og nasjonalt viktige friluftsområder (Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune 2008)... . . . I tillegg er Hardangervidda, like nord for Valdalsvatnet, registrert med A, svært viktig friluftsområde”

Dette er essensiell informasjon som må gjenspegle NVE sine krav til regulanten . Valdalen har langt større verdi enn kun det økonomiske for H-lyse. Det skurrar og er mykje som manglar **når miljørapporten ikkje foreslår eit einaste miljøtiltak i dette svært viktige friluftsområdet.**

**Tilkomst og sikkerheit gjennom heile dalen må prioriterast høgt.** Slik har det ikkje vore praktisert til no.

Valdalsvegen har dårlig vedlikehald og vegstandard. Støttemurar glir ut og det er rasfare på faste strekningar. Bilrafikken har auka formidabelt frå 1960 til 2024, men vegen er no verre enn då den var ny og held ikkje standarden den er klassifisert som. Det manglar parkeringsplassar i begge endar, gode utkøyringar for møtande trafikk, tunellar og rasoverbygg som tryggingstiltak. Eg krev at dette kjem på plass.

S 20 i konsekvensutgreiinga: “*Stølsmrådene som står igjen er blitt populære hytteområder*”

Min kommentar: Dette er totalt misvisande informasjon.

På Bråstøl og i området før demninga er det blitt hytteområde. Men langs det 1 mil lange Valdalsvatnet, som er **sjølve Valdalen, er det kun ei hytte oppført**. Den blei bygd av Agnes Rabbe på nordre Valdalen i 1982!. Alltså for 42 år sidan. Ingen andre hytter er bygd langs det 1 mil lange Valdalsvatnet etter konsesjonen. Grunnen er mangel på tilkomst inn i dalen. Kven vil ta seg råd til å investere i hytte på ein stad som har farleg og totalt uforutsigbar tilkomst?

|

### Det er mangel på tilkomst til Valdalen 8 månader i året

Den regionale innfallsporten til Hardangervidda blei etter neddemminga stengt med ein 80 m høg demning (se biletet). Terrenget rundt Valdalsmagasinet har bratte, rasfarlege fjell som ikkje er eigna eller trygge for skigåing eller skuterkjøring. Før neddemminga var heile Valdalen dalen tilgjengeleg heile året, utan nemneverdig rasfare.

I følge geologisk registering, utført 28.04.22 av Steinar Hustoft i Georisiko. Vart det registrert 1 utsatt rasområde før neddemminga. No er det meir enn 30 rasområde, og dette er på under 1 mil strekke! Registreringa er føretatt, men rapporten er ikkje utarbeidd Eg ber om at H-Lyse dekker det økonomiske med rapporten.

Frå bilvegen snør igjen frå slutten av oktober, er det **ingen** tilkomst til Valdalen før isen er trygg. Før kunne det vere i januar, men dei siste åra har det skjedd mykje seinare på året, eller ikkje i det heile. Måten magasinet vert drifta og endringar i klima er årsaker. Med andre ord, tilkomsten til Hardangervidda Vest gjennom Valdalen, blei redusert til 4-5 månader i året for allmenne brukarar etter utbygginga.

### **Eg krev tilkomst i heile dalen, heile året.**

Vatn til straum kan hentast frå område høgare til fjells der reguleringa har mindre negativ effekt på samfunnet. No er kulturen, menneska og dyr trua. Vilkåra i den noverande konsesjonen for å sikre allmennheten trygg tilkomst, er ikkje gode nok og må reviderast. H-Lyse har fantastisk kompetanse på å bygge tunellar og dei har økonomien som skal til, så kva taler imot?



Billete av demningen som har øydelagt tilkomst til nasjonalparken /Hardangervidda vest gjennom Valdalen

Levd erfaring gjennom 60 år viser at isen på Valdalsvatnet kan ein aldri stole på. Ein kan ikkje planlegge tur fram i tid, fordi isforhalda er totalt uforutsigbare. Før hadde Hydro ein person tilsett som brukte mykje av arbeidsdagen på å sjekke, sikre og merke isane. Tryggingstiltaka har skrumpa inn til at H-Lyse no sender ut SMS til dei som abbonerer på oppdatering om isforhald. På denne måten har H-Lyse ryggen fri. Dei begunner manglande tiltak med hensynet til sikkerhet for eigne tilsettette.

**Men kan H-Lyse neglisjere HMS til vanlege folk i eit område der dei er regulant?** Der konsesjonen frå 1962 la til grunn at restområda i Valdalen som ikkje er neddemma, skulle kunne brukast av allmenheta som før. Derfor løyste heller ikkje restområda ut erstatning til grunneigarane

Vinteren 2020 var det 0 (null) smsar med trygge isforhold på Valdalsmagasinet. Altså ingen dagar med trygg, farbar is.

Til tass for utrygg is og rasfare, er tilgangen til vidda gjennom Valdalen ei ferdselsåre som er mykje brukt og **i framtida alltid vil bli brukt pga mangel på alternativ.** Turistar, jegrar og friluftsfolk bruker den pga moderat stigning og fantastiske naturkvalitetar vidare i terrenget.

**(jamfør I tillegg er Hardangervidda, like nord for Valdalsvatnet, registrert med A, svært viktig friluftsområde)**

Bønder fra Sørfjorden med tilknytning til stølar og rettigheter i vidda bruker Valdalen som innfallsport, fordi det er mykje kortare distanse å kome seg inn på vestvidda med snøskuter fra Valdalen enn å ta seg inn frå Eidfjord.

Dei samme løypene som skuterane køyrer blir kvista til bruk for skituristar på veg til Littlos og vidare langs DNT sitt rutenett. Alle gamblar på å kome seg over isen.

Påsken 2022 gjekk den mest erfarne skigåaren av Valdalsisen, Olav Rabbe gjennom. Løypa til husa hans på Tjømberget var merka som trygg av Hydro-L dagen før. Til alt hell hadde han skistavar med pigg der ein held grepet om skistavane i hendene. Ved hjelp av piggane klarte han å dra seg inn på trygg grunn, med ski på beina.

Det har vore mange nesten dødsulykker på Valdalsmagasinet. 2 liv har gått tapt som eg veit om. Det var i 2013 då 2 franske turistar kom frå Hellevassbu til Middalsbu på ski. Valdalsisen var ubrukeleg. Røde kors kunne selvfølgelig heller ikkje hente ut turistane over isen. Turistane måtte opp igjen i høgden for å gå mot Haukeliseter i det elendige været. Dei blei funnet ved Nupstjørn (1304-1287 moh) i hel frosne.

For akkurat slik er det, du aner ikkje frå dag til dag om isen er trygg. For turistar og andre som kommer frå nord og skal over magasinet, er det ingen varsling i Valdalen. Der står du, men har ingen kunnskap om isforhald, du har ikkje andre alternativ og du har heller ikkje mobildekning.

#### Sjølvopplevde traumatiske hendingar

På veg over Valdalsmagasinet stansar far skuteren og går av for å høyre om alle på sleden har det bra. I det han trakkar ned, forsvinn han gjennom isen, men vert hengande under armane på isen. Kva hadde skjedd dersom det var ein av ungane mine og ikkje faren som gjekk først av og trødde i holet?

Etter ei effektiv helg innerst i Valdalen med vedhogst, skal vi heim med snøskuter seint søndagsettermiddag. Overvatn har lagt seg som eit blått lappeteppe på isen. Når vi kjem ned til vatnet har isen losna og ligg no minst 20m frå land. Vi har ikkje mobildekning. Vi har ikkje helikopter. Vi har ikkje noko alternativ.

Etterat far har prøvekjørt alt skuteren kan gje, og vist at dette kan gå godt, vert mor og ungar plasserte på sleden. Det blir tatt fart i nedoverbakke, alt skuteren går, ut frå land, frå fast dekke, på opent vatn. Vi klamar oss til sleden.. Så er det berre 1 mil igjen med uthygget is, mens vi grublar på korleis det ser ut på dammen i andre enden, når vi skal frå isen og på land.. Etter denne hendinga blei sleden bytta ut i ein slede som liknar eit badekar/ pulk. Den håpar vi flyt betre på snøen/ isen./ vatnet

Eg har i ettertid tenkt mykje på at dette var eit val eg tok for ungane mine. Vi hadde flaks...

|Frå Hydro si konsekvensanalyse s 51: "Ved uthygget is på Valdalsvatnet, og når snøforholdene ellers tillater det kjøres det opp en alternativ trase mellom Øvlandsstølen og Grytingstøl via Storavatnet i samarbeid mellom Hydro, DNT og Grunneigarlaget."

Til dette er å tilføre at når denne traseen vert kjørt (det skjer ikkje ofte), vert det utført utan at allmennheta veit om det. Sporet kan vere blåst vekk eller snødd ned i løpet av natta. Denne traseen går svært bratt opp frå 770 m før Valdalsdammen, forbi Storavatnet, opp til ca 1100 høgdemeter, for så å stupe vanvittig bratt ned i ei rett linje i eit pass. Til å begynne med i elvejuvet, dvs gjennom Tjødnastølskar. Denne traseen er i eit område med skredfare, brukt i nøden, av mangel på anna framkommeleg alternativ, kun brukbart for drevne skuterkjørarar som transporterer og ikkje for vanlege folk på skitur. I Tjødnastølskaret er det heilt umogleg å svinge til sidene på ski. Det samme gjeld for ein skuter. Eg kan ikkje forstå at H-Lyse, (som sine ansatte er svært opptatt av HMS) i det heile kan tilrettelegge for denne livsfarlege transportetappen.

H-LYse klarer i media å få det til å høyre ut som at dei har eit tilbod med tilkomst inn dalen, som det ikkje vert noko av pga lite samarbeidsvillige grunneigarar. Tilboden er elendig, livsfarleg og kun for få utvalte. Det har ingenting med almenne interesser å gjere.

I tillegg er tilrettelegging for snøskuter og anna ferdsel gjennom Tjødnastølskar, å legge aktivitet til eit område, svært høgt til fjells, som reinen brukar.

Før utbygginga var DNT si turisthytte Valdalsæter, innerst i dalen eit vanleg turmål. Mange foto viser dette som ein sosial møteplass og ei mykje brukt turisthytte for skiturisme i påsken. Etter utbygginga vert ikkje dalen brukt som turistmål om vinteren pga skiftande isforhold, konstant fare, og manglande alternativ for å kome fram evnt heim. Bygdefolk og andre ålmenne brukarar har **mista** ein stor ressurs.

Regulanten har i tida etter 1962 ikkje tatt ansvar for noko dei heilt sjølv sagt har ansvar for. Korleis skal folk kunne bruke eit område dei ikkje kommer seg inn i? Problem med tilkomst er tatt opp med regulanten til det kjedsomelege, utan resultat.

Det er provoserande når Honningsvåg på bygdemøte i Røldal 11.06.24 legg fram krava som har kome inn i forbindelse med miljørevisjon. Tilkomst til Valdalen er ikkje på lista og ikkje nemnt

med eit ord. Men Honningsvåg nemner at det har kome inn noen andre “**mindre viktige krav**” Eg reknar dermed at trygg tilkomst til Valdalen har fått denne statusen.

Kanskje mindre viktig for H-Lyse, men enormt viktig for Røldalsbygda og allmennheta.

H-Lyse framstår som eit konsern som ikkje tar samfunnsansvar der dei turer fram. Dei har skaffa seg eit omdømmeproblem.

Slik eg oppfattar regulanten er det enormt viktig å IKKJE lytte til og gi etter når lokalbefolkninga peiker på ulepper med reguleringa. Det synes å ha “gått sport i” å ikkje imøtekomme miljøkrav frå Røldal grunneigarlag eller Røldal bygdelag. Regulanten vel i staden å sponse “happening” som gjev dei positiv merksemrd i media, men som og skapar “splitt og hersk” i bygda.

Hydro har vore regulant i 60 år, utan ein einaste miljørevisjon. Hydro har overfor vassmyndighetene, kommunane og grunneigarar lenge henvist til at **miljøforbetringar kan vente, fordi RSK-konsesjonen skulle fornyast i 2022**. Slik har dei ført alle bak lyset. Alle har truud på dette og innretta seg etter det. Dermed har RSK-anleggene blitt tatt ut av både dei nasjonale vassforvatningsplanane og av grunnlaget for revisjonssakene som blei laga av NVE og Miljødirektoratet i 2013. Hydro har unngått vedlikehald pga nytt skjønn. Forbetringar ligg ekstremt på etterskot!

Likevel har **ikkje Hydro-Lyse ved Honningsvåg kunne vise til eit einaste konkret gjennomført eller påtenkt miljøtiltak for Røldal, når eg og andre har etterlyst det på 2 bygdemøter i Røldal**. Men han har som svar påpeikt ei forbetring av fiskegrøper i Suldalslågen. I tillegg kan ein lese kap 5.1.4 i revisjonsdokumentet og finne ut det samme. Regulanten har ingen konkrete planar om å forbetra dei reelle ulempene som er spelt inn.

**H-Lyse treng pålegg frå staten for å gjere opp for seg!**

Eg viser til innspel og forslag som Nils Tveito, tidlegare damvoktar for RSK, gjennom 30 år, har sendt NVE. Ingen veit betre enn Nils, korleis forhalda er og kva som må til for å få trygg tilkomst inn Valdalen

Eg krev herved tillbake muligheten til at folk kan kome seg trygt til Valdalen ved at H-Lyse lagar god og sikker veg med tunellar og rasoverbygg

Eit anna, betre alternativ kan vere å reversere, tilbakeføre natur i Valdalen ved å endre HRV, i ein slik grad at det vert trygg vinterveg til der det gamle Valdalsvatnet begynner. På gamlevatnet vil det legge seg sikker is sjølv, når det ikkje heng i saman med den kunstige innsjøen.

“Revisjonen skal også gi anledning til å oppheve vilkår som har vist seg urimelige, unødvendige eller uhensiktsmessige.”[NVE: Revisjon av konsesjonsvilkår](#)

**Det bør vere lett å anerkjenne noverande tilkomst til Valdalen som ubrukeleg,, urimelege, uhensiktsmessig, farlege og så spesiell at tunellar eller endring av HRV kan forsvara**st. Den positive effekten for samfunnet og nytten med å tilbakeføre natur og tilrettelegge for tilkomst utan utfordringar er større enn kostnadene for regulanten. Regulanten sine gode avskrivingsvilkår vil utjamne økonomiske meirkostnader

H-Lyse sin miljørapport har eg ingen tiltru til. Det er brukt altfor lita tid over eit enormt område, til at det som er forfatta vert truverdig. Svært viktige forhold er ikkje utgreiia i det heile. Eg finn

ikkje planlagte tiltak for dei mest sjølvsagte problemområda. Eg finn feil i området eg kjenner til. Er det like mange feill over heile fjøla?

I tillegg, mi eigen oppleving av analysa si bruk av kjelder, gjer meg svært skeptisk.

På det første bygdemøtet H-Lyse hadde i Røldal ang denne saka, vart forsamlinga oppfordra til å ta kontakt, oppgi navn, e-post og telefonnummer etter møteslutt, dersom ein ynskte å kome med innspel til miljørapporthen. Son min og eg gjekk fram til vedkomande og gjorde det. Ho lurte på kva eg ville spele inn. Eg svarte at eg hadde mykje på hjartet, så eg bad om at ho tok kontakt på telefon. Ho ynskte eksempel. Det stod folk i kø bak meg, så eg ramsa fort opp nokre stikkord om Valdalen, og gjentok at eg ynskte ein lengre samtale. Etter møtet hørde eg aldri frå ho, men rekna med at sonen min hadde spelt inn dei fleste tinga eg sjølv ville sagt. Heilt til han månaddsvis etterpå fortalte at ho ikkje hadde kontakta han heller, sjølv om han hadde skrive mail, ringt ho opp fleire gonger og lagt igjen beskjed og bede ho ringe tilbake når han ikkje fekk svar.

Ikkje lenge etterpå var miljørapporthen klar og blei lagt fram på folkemøte på Nesflaten. Eg fekk hakeslepp då eg tilfeldigvis slo opp på kjeldelista. Eg var innført med namn i kjeldelista som informant! Frå det eine minuttet eg snakka med ho, finn eg sjølvsagt ingenting i miljørapporthen som kan knyttast tilbake til det eg sa, heller ikkje min kunnskap eller mine erfaringar. Var vi begge utegløymt? Er årsaken at å ha informantar på lista gjev inntrykk av at fleire har fått uttale seg? Eller passa ikkje stikkorda våre angåande Valdalen inn i oppdragsgivaren si bestilling?

Det er på høg tid at RSK-anlegget får ein grundig revisjon. Men då må uavhengige fagmiljø, ikkje bestilt og betalt av H-Lyse, se på heilheten for å optimalisere vassressursane og miljøforbetringane. Det er ikkje opp til H-Lyse korleis og i kva grad anlegget skal oppgraderast. I så fall ender vi opp med noko som ikkje gagnar almenne interesser, ikkje lokalbefolkinga, heller ikkje samfunnet forøvrig og aller minst naturen.

### Avslutting

I NVE sitt vedtak 201913014-9 står det heilt klart at det skal gjennomførast ein revisjon av konsesjonsvilkår for RSK. I innleiinga kjem det tydeleg fram at **“revisjonen gjeld alle forhold som kan knyttast mot RSK-anlegga sine konsesjonar og vilkår.”**

Eg forventar at NVE føl sitt eige vedtak når dei les innspela og behandlar **alle** forhald, også magasinrestriksjonar, LRV og HRV som utgjer dei største ulempene reguleringa fører med seg.

Mange, har omtala utbygginga i Røldal for eit miljø- og samfunnsmessig overgrep.

**Energiminister Terje Åsland** sa i februar 23 til Hardanger Folkeblad og Haugesunds avis:

**“ Dere skal bli hørt. Kommune og innbyggere skal bli hørt i den pågående vilkårsrevisjonen i Røldal-Suldal”**

No er det opp til staten ved NVE å setje krav til Hydro, Krav som må vare til evig tid. Heile RSK-utbygginga på 60-talet var nedbetalt på 5 år. Med innteninga som er i dag, er krava Røldal kjem med til denne miljørevisjonen for lommerusk å rekne.

Dei negative konsekvensane, radering av ein heil kultur, overkøyring til fordel for H-Lyse si intjening og ignorering av livsfarlege forhold gjer dette til ein så spesiell sak at her krev eg at heilt spesielle hensyn blir tatt.

No gjenstår det å se om demokratiet verkar, eller om dette er enda ein runde der vi har brukt enormt mykje tid på skriftlege innspel som ikkje blir hensyntatt, utan rettferdig resultat for naturen og andre som ber kostnadene.

Om meg: Har budd i Røldal sidan 1983, har opplevd det eg skriv om.

Frå 1977 omfattande erfaring med tilkomstproblema på strekninga Bråstøl- Valdalsmagasinet - indre Valdalen. Er ikkje grunneigar.

Har fleire traumatiske hendingar med Valdalsisen som eg godt kunne vore forutan. Unner ingen i framtida det samme, og eg har konstant frykt i meg når eg veit at barn og barnebarn er på veg med snøskuter til eller frå indre Valdalen.

Kjenner på Hydro-Lyse saka som eit traume og ei psykisk belastning for Røldalsbygda

Røldal 10.10.24. Mvh Åse Mathisen Rabbe

Kjelde som eg ikkje gav opp inni teksten

[OED Retningslinjer for revisjon](#) Retningslinjer for revisjon avkonsesjonsvilkår for vassdragsreguleringer





Gamlevegen i Valdalen som låg flatt og trygt midt i dalen.



Steingardar med gamlevatnet i bakgrunnen.



Utsikt over den nye kunstige innsjøen.



Tidlegare dyrka mark. Det opprinnelige Valdalsvatnet,

Tidlegare dyra mark. Det opprinnelige Valdalsvatnet